

Arkivnr: 2019/888-2  
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

## Budsjett for kontrollarbeidet i Vestland fylkeskommune for 2020

### Bakgrunn for saka:

Lov og forskriftsgrunnlag:

Etter "Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner" § 18 skal kontrollutvala utarbeide framlegg til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i fylkeskommunen. Omtala § i forskrifta lyder slik:

§ 18. Budsjettbehandlingen

*"Kontrollutvalget utarbeider forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Kontrollutvalgets forlag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet skal følge formannskapetets/kommunerådets eller fylkesutvalgets/fylkesrådets innstilling til kommunestyret eller fylkestinget.*

*Der kommunen eller fylkeskommunen har en egen revisjon avgir revisjonen innstilling til kontrollutvalget om budsjett for revisjonen."*

Departementets merknader til § 18

*"Bestemmelsen fastsetter fremgangsmåten ved behandling av budsjett for kontrollutvalgets og revisjonens samlede virksomhet.*

*Når kommunen/fylkeskommunen har egne ansatte revisorer, skal revisjonen ved ansvarlig revisor avgj innstilling til kontrollutvalget om budsjett for sin virksomhet i budsjettåret.*

*I interkommunale revisjonsselskaper organisert som interkommunale selskaper, er det representantskapet som vedtar budsjettet, jf. lov om interkommunale selskaper § 18, noe som forutsetter at deltakerkommunenenes/fylkeskommunenenes budsjetter må være vedtatt før slikt budsjett kan vedtas."*

Ny kommunelov vart vedteken av Stortinget 22.06.2018. Denne skal tre i kraft i løpet av 2019 og det pågår for tida arbeid med å utarbeide forskrifter til denne. Det er ikkje noko som tyder på at det vil verta vesentlege endringar i høve dagens forskrift når det gjeld punktet om budsjett for kontrollutvalet.

Fellesnemnda handsama i møte 19.12.2018 sak PS 58/18 «Budsjettprosess – Budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023 for Vestland fylkeskommune, DP 6.2», vedlegg 1. Denne saka skildrar korleis ein har tenkt seg at prosessen skal vera fram til forslag til budsjett er ferdig utarbeidd og klar til å vedtakast i konstituerande fylkesting i oktober 2019.

Vidare handsama fellesnemnda i møte 14.02.2019 sak PS 8/19 Reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune som også får verknad for kontrollutvalet sitt budsjett, vedlegg 2.

Det er avklart med prosjektleiar/fylkesrådmann at kontrollutvalet sitt forslag til budsjett i grove trekk for 2020 bør vera ferdig handsama i kontrollutvala i mai/juni, og endeleg forslag til budsjett i starten av september slik at det er klart til handsaming i siste møte i fellesnemnda 18.09.2019.

### **Drøfting:**

I Vestland fylkeskommune vil kontrollutvalet ha ansvar for å utarbeide budsjettforslag for kontrollarbeidet i fylkeskommunen. Dette inneber at budsjettforslaget inneheld tal både for kontrollutvalet, ekstern revisor og sekretariat for kontrollutvalet.

Forslag til budsjett for sekretariat og kontrollutval baserer seg på erfaringane og aktiviteten i tidlegare år. I tillegg er det teke omsyn til at tal medlemmer i utvalet vert føreslått auka frå 5 til 7 medlemmer. Den nye fylkeskommunen er ein god del større i utstrekning enn i dei tidlegare fylkeskommunane kvar for seg og vil truleg medføre noko meir reiseaktivitet og med fleire overnattingar enn tidlegare. Dette er det også teke omsyn til. Vidare er det teke omsyn til innspel i felles arbeidsmøte mellom kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune 01.04.2019 og 06.05.2019 som vil kunne påverke budsjettforslaget.

### **Tabell som presenterer hovudtala i budsjettet:**

#### **Kontrollutvalet 110200**

		Tal i heile 1000 kr	
		<b>Budsjett 2019</b>	<b>Budsjett 2020</b>
400	Politisk styring og kontrollorgan	Bto. driftsutg. 2014	2248
		Driftsinntekter	
		Nto. driftsutg. 2014	2248

#### **Sekretariat for kontrollutvalet 110150**

		Tal i heile 1000 kr	
		<b>Budsjett 2019</b>	<b>Budsjett 2020</b>
400	Politisk styring og kontrollorgan	Bto. driftsutg. 5981	5407
		Driftsinntekter - 2450	-2200
		Nto. driftsutg. 3531	3207

**Ekstern revisor 110250**

		Tal i heile 1000 kr	
		<b>Budsjett 2019</b>	<b>Budsjett 2020</b>
400	Politisk styring og kontrollorgan	Bto. driftsutg. 5903	4643
		Driftsinntekter	
		Nto. driftsutg. 5903	4643

Detaljbudsjettet ligg ved som vedlegg 3.

**Nedanfor har vi knytt nokre kommentarar til ein av dei største budsjettpostane i budsjettet til kontrollutvalet (110200):**

Konto 12700 Konsulenttenester: Desse midlane er ekstra tiltaksmidlar som det er tenkt at kontrollutvalet kan disponere dersom det dukkar opp uføresette forhold som gjer at det må kjøpast meir ekstern bistand for å utføre kontrollarbeidet. Dette kan t.d. vera på bakgrunn av saker som vert omtala i media og som gjer at det må settast i verk ein forvaltningsrevisjon raskt. Det kan også vera andre ikkje planlagde aktivitetar som måtte dukke opp frå andre hald t.d. øvrig forvaltningsrevisjon, øvrig selskapskontroll og øvrig utgreiing.

Dersom kontrollutvalet ikkje har desse ekstra tiltaksmidlane til disposisjon vil det kunne føre til at kontrollutvalet må be fylkestinget løyve meir pengar før ein kan sette i gang ein ekstra naudsynt kontrollaktivitet. Kontrollutvalet utfører som kjent sin kontroll av m.a. administrasjonen på vegne av fylkestinget. Det er difor berre fylkestinget som kan løyve meir pengar til kontrollutvalet. I verste fall kan det ta opp til fire månader før neste fylkestingssete.

Det er ei målsetting at kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune skal gjennomføre folkevaldopplæring saman med dei fylkeskommunale kontrollutvala i Møre og Romsdal og Rogaland fylkeskommunar i valperioden 2019 – 2023, slik det og vart gjort i dei to føregåande valperiodane.

**Nedanfor har vi knytt nokre kommentarar til ein av dei største budsjettpostane i budsjettet til sekretariat for kontrollutvalet (110150):**

65000 Anna avgiftspliktig sal/inntekter: Sekretariat for kontrollutvalet vil frå 01.01.2020 ha ei stillingsramme på 5 årsverk. Forutan å vera sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune har sekretariatet pr. i dag avtale med 17 kommunar, samt Bergen Kirkelige Fellesråd (BKF) om å vera sekretariat for deira kontrollutval. 8 av kontraktane har vi vunne i konkurranse med andre og dei gjeld fleire år fram i tid. Nokre av kontraktane vert automatisk forlenga med eit år om gongen dersom ingen av partane seier opp avtalen innan ein avtalt dato, varierende frå 01.09.19 til 01.11.19. Her er det alt frå nokre månader oppseiingstid til eit års oppseiingstid, rekna frå årsskiftet.

6 av kommunane er i samanslåingsprosess med andre kommunar slik at det etter samanslåing vil verta 4 kommunar igjen. Ein av desse har vedteke å nytta oss som sekretariat i framtida medan det ikkje er avklart enno for dei andre kven som skal vera sekretariat for kontrollutvalet deira. Det er teke omsyn i budsjettet til at det kan verta mindre inntekter dersom vi ikkje vert vald som sekretariat for dei tre andre kommunane.

**Nedanfor har vi knytt nokre kommentarar til den største budsjettposten i budsjettet til ekstern revisor (110250):**

37000 Kjøp frå andre (private): Som kjent er revisjonstenestene for Vestland fylkeskommune konkurranseutsett, tilbod er komne inn men evalueringa er ikkje ferdig enno. Kostnader til revisjon vert difor i denne omgang stipulert ut frå erfaringar frå tidlegare år i Hordaland fylkeskommune som har hatt konkurranseutsetting av alle revisjonstenestene sidan 2007.

**Konklusjon:**

Kontrollsjefen i Vestland fylkeskommune legg på bakgrunn av dette fram førebels forslag til budsjett for kontrollarbeidet i den nye fylkeskommunen for 2020 slik at det kan spelast inn til prosjektleiar/fylkesrådmann i mai/juni. Vidare vert det lagt opp til at endeleg forslag til budsjett skal handsamast i møte i kontrollutvalet 02.09.2019 slik at det er klart til handsaming i siste møte i fellesnemnda 18.09.2019.

**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet godkjenner førebels budsjettforslag for kontrollarbeidet i Vestland fylkeskommune for 2020 med dei innspel som kjem fram i møtet.
2. Kontrollutvalet ber kontrollsjefen om å legge fram endeleg forslag til budsjett for kontrollarbeidet i Vestland fylkeskommune i 2020 i møte 02.09.2019.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

- 1 Sak i FN 19.12.2018 om budsjett 2020-2023
- 2 Sak FN reglement 14.02.2019
- 3 Taldel - Budsjett 2020 - kontrollarbeidet